



Notat

Dato: 10.09.2015
Arkivsak: 2015/5010-2
Saksbehandlar: laikle3

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Vurdering av samanheng mellom trivsel/elevmiljø og fråfall ved skular som har tilbod om skulemåltid

Fylkesrådmannen viser til møtebok frå møte i Opplærings- og helseutvalet 02.06.2015 der representanten Alexander Fosse Andersen (Sp) fremja slikt oversendingsforslag:

«Fusa vgs gir elevane tilbod om gratis skulefrukost. Både skuleleiing og elevar trekkjer fram ordninga som viktig for å betre skule- og læringsmiljøet. Ber om sak der det vert opplyst om skulemåltid ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, og ei vurdering av kostnader ved å innføra skulemåltid i Hordaland (tilleggsmerknad: tidspunkt for skulestart om morgonen må også vera eit moment)».

Alle vidaregåande skular i Hordaland gir elevane moglegheit til å innta eit skulemåltid i løpet av skuledagen. Fleire skular har sal av mat til frukost for dei elevane som kjem tidleg nok, eller til første friminuttet. Helsedirektoratet sin vegvisar til Folkehelsearbeid omtalar også skulen, og viser til at skulemåltidet kan ha ein viktig miljøskapande verdi og er av betydning for mellom anna helse, trivsel og læring. Konsentrasjonen og humøret haldast oppe gjennom skuledagen ved hjelp av eit sunt skulemåltid.

Helsedirektoratet tilrår at elevane har minst 20 minutt til å ete, ha medbrakt matpakke og få tilbod om frukt, grønt, mjølk og enkel brødmatt. Helsedirektoratet har òg ei tilråding om matvarer og drikke som skulen ikkje skal tilby. I 2013 gjorde Helsedirektoratet ei kvantitativ undersøking ved 447 vidaregåande skular i Norge. **«Mat og drikke med høgt innhald av feitt og sukker utgjer ein for stor del av tilbodet i vidaregåande skular».* Her ser direktoratet eit potensiale for betring, men alt i alt viser undersøkinga at tilbodet er i tråd med deira tilrådingar. Undersøkinga peikar òg på andre viktige faktorar – at elevane har høve til å kjøpe maten på førehand slik at dei 20 minutta kan brukast til å samle seg rundt eit bord i kantina og dele det sosiale rundt måltidet. Ei utfordring er sjølvstøtt at elevane i vidaregåande skule også har høve til å forlate skulen og handle på butikkar i nærområdet i staden, og derfor er det viktig at skulane har eit tilbod som kan konkurrere med butikkane både på pris og kvalitet. Undersøkinga konkluderer med at det framleis er behov for auka innsats på dette området, men òg at det er økonomiske utfordringar knytt til drift av kantine/matutsal på vidaregåande skular, noko ein må ta omsyn til. Samarbeid med elevar og elevråd viser seg å vere sentralt der ein har fått til gode ordningar.

Måltida er samlingspunkt: Dei har mykje å seie for trivsel og læring, sosial kompetanse og kulturell samhandling hjå barn og unge. I arbeidslivet blir måltidet brukt som trivselsfaktor for å auke nærvær og fellesskap. Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet v/HIB skal i løpet av året i gang med kartlegging av skulemåltid i Norge. Dei kjenner ikkje til forskning der ein har målt spesifikk samanheng mellom måltid og trivsel i skulen.

To vidaregåande skular i Hordaland har tilbod om gratis skulemåltid (frukost), Fusa vgs og Olsvikåsen vgs. Dei skårar begge betre enn snittet for Hordaland på indikator for *trivsel* i *Elevundersøkinga*. Tal på elevar som har fullført og bestått, er og høgare enn gjennomsnittet på desse to skulane, og det er Olsvikåsen som har størst framgang her. Det betyr ikkje at det er mogleg å trekkje samanheng mellom skulemåltid, trivsel og gjennomføring på bakgrunn av desse tala. Det er mange faktorar som kan påverke gjennomføring, og vi veit at trivsel er viktig.

Hordaland fylkeskommune v/opplæringsavdelinga startar hausten 2015 eit pilotprosjekt på fire skular for å utvikle desse til helsefremjande skular. Dette er del av folkehelsearbeidet i fylket, og kosthald, fysisk aktivitet og psykisk helse er dei tre satsingsområda til prosjektet. Her vil modellar prøvast ut, og samarbeid med Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet vil vere viktig. Gjennom dette samarbeidet vil fylkeskommunen og skulane få kjennskap til den forskinga som senteret er i gang med, og resultatane av denne.

*«Helsedirektoratet: Mat og måltider i vidaregåande skole. En kvantitativ undersøkelse blant kontaktlærere, skoleledere og ansvarlige for kantine/matbod. Desember 2013.